

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«I samband med at det skal byggast ut ladeinfrastruktur for ferjer i fylket, og at i Ranavik nyttar ferje og snøggbåt same kai, har representanten Synnøve Solbakken (A) stilt følgjande spørsmål:

1. Korleis blir det med snøggbåtanløpa ved Ranavik når det skal byggjast ladestasjon ved kaianlegget?
2. Vil snøggbåtkaien vera på same stad etter montering av ladestasjon?

Til spørsmål 1:

Skyss har fått informasjon om at bygging av hurtigbåtkai i Ranavik vil kunne vere ferdigstilt i juni/juli 2019. Samferdsel/Skyss vurderer no korleis ein best kan samordne arbeidet med etablering av ny hurtigbåtkai med anleggsarbeidet knytt til ladeinfrastruktur for ferjene. Det blir lagt opp til å ivareta dei reisande med hurtigbåten best mogleg, samstundes som ein held seg innanfor dei økonomiske rammene og sikrar framdrifta for fullelektrifisering av ferjesambandet Skjersholmane-Ranavik

Til spørsmål 2:

Det har, til tider, vore utfordringar med at ferja og snøggbåten nyttar same kai til anløpa sine. Desse utfordringane vert ytterlegare forsterka når det no vert bygd ladeanlegg på ferjekaien, i hovudsak på grunn av to tilhøve; ferja treng lengre liggetid p.g.a. lading og ladeanlegga gjer det vanskeleg for publikum å komme til båten. Det er difor konkludert med at det må byggjast ei ny snøggbåtkai i Ranavik. Den vert plassert på staden kommunen tidlegare hadde ei kai i Ranavik, omlag 75 meter sørvest for ferjekaien. Bygging av snøggbåtkai er bestilt hos Statens vegvesen og dei er i gang med prosjekteringa av denne. Prosjektet vert finansiert over budsjettposten «ferjekontraktar – infrastruktur, nett og kaiar».